



Svein Fosse
Skarsvegen 447
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4134 - 16/427

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
07.01.2016

Førebels svar - trong for tilleggsopplysningar - gbnr. 146/36 Fosse ytre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 01.12.15.

Planstatus

Eigedomen er avsett til LNF-føremål i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023. Oppføring av garasje krev dispensasjon frå LNF-føremålet. Det er på søknad om dispensasjon markert at det vert søkt om dispensasjon frå aralføremål i kommuneplan, men søknaden er ikkje grunngeven med omsyn til føremålet i gjeldande kommuneplan.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla, men varsla og signerande part på kvittering for nabovarsel har ikkje tinglyst heimel til eigedomane. Dette gjeld for både eigedom gbnr. 146/15 og gbnr. 146/4.

Det må leggjast fram skifteattest evt. fullmakter som gjev signerande partar rett til å opptre på vegne av buet for høvevis eigedom gbnr. 146/15 og gbnr. 146/4.

Gjenbuar på eigedom gbnr. 146/31 er ikkje varsla om tiltaket.

Erklæring

Det er dokumentert avstandserklæring med omsyn til plassering av garasje nærmere grense mot gbnr. 146/15 enn 4 meter. Det må dokumenteres at signerande part på erklæring har rett til å opptre på vegne av buet, til dømes skifteattest.

Teikningar

Teikningar motteke 01.12.15 er ikkje i målestokk. Det manglar planteikningar av garasjeplan og loftspanet. Teikningane som er innsendt er uproposjonerte og gjev eit uriktig inntrykk med tanke på høgder og bredder. Teikningane er ikkje av ein slik kvalitet at kommunen kan ta stilling til søknaden.



Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. I høve nabovarsling må det dokumenterast at signerande partar har rett til å opptre på vegne av buet på høvesvis eigedom gbnr. 146/15 og gbnr. 146/4
2. Heimelshavar av eigedom gbnr. 146/31 må nabovarslast.
3. Det må leverast inn nye teikningar av garasjen, samt planteikningar av garasjeplan og loftsplan. Det må gjerast greie for storleiken på bruksarealet på garasjeplanet og loftsplanet.
4. Det må leverast inn ei grunngjeving med omsyn til søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 18.02.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Svein Fosse

Skarsvegen 447 5911

ALVERSUND